

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39.

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Lindås.

Emne: Høgtidsmat ved fameliefster.

Bygdelag: Indre Nordhordland.

Oppskr. av: Martin Teft.

Gard: Teft.

(adresse): Askelandsvåg.

G.nr. 18, Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Delvis.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke) :

## SVAR

A. Fødselen.

1. Det var skikk, at øg er det enno, at nabokoner, slektningars (ikkje langt-ifrå-buande) og veninner kom med mat til barnsengkona.

2. Dei kom enkeltvis.

3. Dei avtalte ikkje seg imellom kv dei skulle ha med seg.

4. Vitjinga tek til 3. og 4. dagen før - ne er dei no-ko seinare ute.

5. Dei dkulle koma berre ein gong.

6. Det var rjomegraут dei hadde med. Undatak sjokkolade og kaker.

7. Fell bort.

8. Rjomegraутen hadde dei i steintøyskåler - ofte med lok.

9. Dei kalla all maten sengemat, og ofte om det var barnsengraут dei gjekk med.

10. Det var berre kona som måtte gå sjølv med sengemat.

Var ho sjuk, var det ofte vanskeleg å få ei dotter eller ei tenestgjente av stad - dei tykte det var skam.

11. Det ville vara skam om mannen fylgde med, eg folk ville "finna åt" det.

12. Sendingsfolket måtte få traktering med kaffi og kaker - og så måtte dei få smaka grauten til dei som

hadde vore der før. Det var ingen skilnad om det var gut eller jente.

13. Dei hadde ikkje namn på desse små gjesteboda.

14. Sendingsfolka fekk alltid mat, og det vart ikkje halde noko kenemåltid etter ho var oppe att. Barsel var fest i samband med dåpsdagen.

15. Det var vel helst berre til gifte møder ein gjekk med barnsengmat - det kunne nok ver einskilde som ikkje gjorde undatak om det var ugifte mødrer.

16. Her i bygda er me no i ei overgangstid då dei held på å skifter frå graut til kringler og kaker.

17. Dei hadde ikkje noko gaver med til barnet.

18. Ikkje no heller gjev dei barnet noko.

19. Husbondsfolket hjå grannane og foreldra til faren og mora til barnet vart alltid bedne til barsels, d. v. s. til ei festleg samkoma den sundagen dei hadde barnet til kyrkja og fekk det døypt.

20. Dåpslaget heitte barsellaget.

21. Gjestane sende ikkje sendingar. og dei fekk kaffi med smørbrød om morgonen før dei fer til kyrkje og middag med kaffi og kaker etter på - etter dei var heimatt komme frå kyrkja. No har dei nærmaste slektingar og fadrane ofte ei dåpsgåve med seg til barnet når dei reiser til barsels. Det kan vera ei sølvskei, eit klæplagg eller noko anna nyttig.

22. Dei hadde ikkje sendingar med seg.

23. Det er sameleis idag også.

#### B. Fødselsdag.

24. Fødselsdagar vart ikke feira før noken i eldre tider.

25. No held dei ofte fødseldagsgilde for borna kvart år, men før dei vaksne helst ved runde tal. Det kan forresten ver så ymse.

26. Borna bed kammeratane sine. Er det vaksne som held årmålgilde, bed dei slekt og vener. Det er berre bedne gjøster som kjem.

27. Gjestene har alle gåver med seg.

28. Ein vit ikkje om at ein skulde ha serskilde rettar til årmålsdagen i gamal tid.

29. No skal det vera sjokolade, kringler og blautkaker (med lys på for born).

#### C. Konfirmasjon.

30. Ein hadde ikkje noko sers høgtid ved konfirmasjon i gamal tid. Ein hadde vanleg sundagsmat den dagen og.

31. No held ein konfirmasjonsgilde der ein bed dei nærmaste slektingane. Det hender at presten og læraren og er bedne. Desse konfirmasonsraga kom vel i skikk og bruk etter den førstr verdkrig.

33. Gjestane sende og sender ingen sendingar.

34. Det er no skikk å gje gåver til konfirmanten. Det er helst dei som er med i laget som gje noko.

35. Ein held retteleg gjestebod med kaffi og smørbrød om morgonen, kjøtmiddag (steik ofte) og kaker og kaffi, frukt og godter utover kvelden. Dei bakar kakene helst heime sjølve. Dåmikka dei nytta er saftdrikke, brus og vørterøl.

#### D. Bryllaup.

36. Heimkomstdagen var det ei lita fest i heimen for gjenta og dei som fylgde ho til bugarden. Dei vart møttekne som vyrde gjestebodfolk.

37. Slik var det før, og er vel mykje godt likeeins idag og om gjenta har noko serleg å ta heim med seg. Før hadde ho kister, rokk, ku m.m. No er vel det oftast berre ein kuffert og ho kjem oftast åleine. Det er sjeldan ein

ein kan skilja ut neke heimkomedag.

38. a Mykje av den maten som gjekk med i eit brudlaup hadde brudlaupsfolket med seg heimanfrå. Mat dei hadde med seg: 1 kjøtlår, 1 amber med smør, 1 amber med raudkokt brudlaupsdravle, 1 kjes- (kjæs-)ost, 1 sötost, 1 rjomehølk, 1 bytte med söt mjølkog attåt det klintekling og flatbrød. I brudlaupsgarden måtte dei ha bryggja øl, fisk frittak på brennevin, poteter, og reservar av den maten brudlaupsfolka skulle ha med seg. Sendinga folk hadde med seg kalla dei føring. Den del av føringa som var turrmat, hadde dei i ei stor bumma. ( Ei bumma var eit ~~kjøkkendøk~~ ellipseforma kjerald med oval botn og liknande lok med hengsler og hespei. I hespa hadde dei henglås. Det var fatlar i bumma å bera etter.) Denne maten vart så fordelt på dei ymse mål under brudlaupet anten det varde ein eller fleire dagar. Det langferdande folket kom fram til brudlaupsgarden ut på ettermiddagen brudlaups-aftan. Det var ~~vækomst~~ med dram og brygg. Maten folk fekk var lefser, flatbrød og smør, spikekjøt, osteskiver og mjølk (seinare kaffi og kjøpebrød). Utover kveldén soggde slekningar og kjenningar saman medan ølskåla gjekk trutt frå den eine til den andre. Seint ut på kvelden gjekk dei gifte til sengene sine, og ungdomane la seg i flatbolet på stovlelemsgolv, ~~Andren~~ fekk lega si hjå ein av grannane. Om morgonen fekk dei gifte folka mat på senga, og grannane fekkmat born til seg (men dei var alt oppe og hadde gjort seg ferdige med stjorninga før så å bu seg til å vera med i brudlaupsgarden.) I lø - ll tida tek første bordssæta til l, brudlaupsdagen: Fisk og poteter, flatbødleivar med rosemåla trestattar oppå - tyngd av ambarförmå, og gulnande kling (bondesmør). Det er heller

3. blad. ikkje langt mellom dei resemåla fyllte ølskålene på bordet. Rosemåla dråleambarar er og komne på bordet - og folk tek for seg og forsyner seg. Dravle tek dei med seg til kyrja og. Både presten og klokkaren skal skal traterast med øl og dram. Er kyrkjevegen lang, skal også brudlausgjestane ha ha utdelt dravle med dram til i ting- eller prestestova på kyrkjesteden. Når folk kom frå kyrkja, var kjøtet kokt, pitla av beina og lagt på store tinfat. Feittet hadde dei flytt av søet i kjøtgryta Og no slo dei dette ~~xx~~ feittet ut over kjøtet som låg på tinnfata. Så var det poteter, smør, flatbrød, dravle og øl. Folk pratar og lær medan dei et - sume har sett for djupt i ølskåla og tek alt til å vera på ein lette. Om kvelden var det rjomegraut med flatbrød til. Ut på natta kom jagaren. Det var ein tunn graut kokt av gryn og molk - og gjerne tilset med restar av rjomegrauten. Jagarsupa var velfarsmålet. Heimattmed seg fekk dei niste, nøring kalla dei det. Nøringa var restar av turrmaten, og så tjerost. Tjerosten var serleg tiltenkt nøringa og var lite nytta under måltida i sjølve brudlaupet. Nøringa vart lagd i nistebumma. Heime sat og dei som venta på å få smaka neko av brudlaupsmaten.

Var det brudlaup i fleire dagar, var måltida mykje godt dei same berre det at kjøtmåltdet gjekk ut og eit måltid med fisk sett i staden.

Det var altså 6 matrettar til vanleg i eit brudlaup, talet på måltid kunne skifta mykje.

39. På kvar gard hadde dei ~~xxx~~ ambarar og helkar som berre vart nytta til bruk i brudlaup, desse måtte fyllast. Desse kjeradalda kunne ha størleik etter som

garden var ster eller husbenden var mektig til - slik at dette avgorde sterleiken påsendinga.

40. Ein veit ikkje om at maten skulle pyntast på ein bestemt måte, men det var bidna som var utkrota og røsemåla.

41. Bedemannen samla ikkje inn kjøtet. Det går endå ord om ein mann (Sjur Teft) skulle til brudlaups Det er vel mest 3 mil å re. Han hadde gløymt att kjøtlaret i naustlunnane. Då han kom frå sakna han kjøtet. Han fekk ein mann med seg og redde den lange vegen attende og henta kjøtet. Ein lyt vel seia at dei var ærekjære og ikkje umakalause.

42. Sændinga vart kalla føring.

43. Brudlaupsfelket tok sendinga med seg.

44. Det var brudlaupsaftan næringsa kom, og då tek festen til.

45. Fell bert.

46. *Vel ikkje anna namn på dei unntak matmar*

47. Etter hundrearsskiftet vart det meir og meir slutt med 3 dagarsbrudlaup. Dei som heldt heimebrudlaup, har halde på 2 brudlaupsdagar før det meste til no.

48. I bygda her er ikkje hotell. Dei som heldt brudlaup i byen nyttar hotell om dei har brudlaupslag.

49. Mange reiser til byen og vert vigde der. Om kvelden kjem dei heim og held ei lita veitle for dei nærmaste sektingar i heimen at føreldra til brudgommen eller brura. Dei får då brudlaupsgåver hjå desse.

51. Dei held held fest på årsdagen berre ved runde tal.

E. Gravøl.

52. Dei bad dei næraste slktningane og husbendsfelka som høyrd til grefta. Dei eldre felka på same garden var også bedne. Er grefta ster, bed dei ofte berre 1 person fra kvart bruk utan om gannane.

53. Gravølet varde oftast i 2 dagar.

54. Det var brødmat med kaffi om morgenon, kjøtmiddag med til desser til attpårett når dei kom heim fra grava, kaffi og brødmat til non og rjomegraut til kvelds.

med kaffi

Andre dagen var det brømat om morgenon, fiskemiddag og etterpå brødmat med kaffi. Då var gravølet slutt og kvar fer heim. Til middagsmaten hadde dei flatbrød og smør.

Felkhadde med seg til graølet rjome og mjølk som sending.

55. Ein vei ikkje om kva mat ein ikkje kunne nytta i gravøl, men ymse kvardagskost eller mat utan om det vanlege, kunne ein sjølvagt ikkje nytta i gravøl.

56. Namn på hovudmålet berre middag.

57. Hjå grinnen, om plassen var fer liten i heimen.

No held dei det i bedehuset eller i skulehuset i slike høve.

58. Ja, gravferdsfelket hadde rjome og mjølk med seg.

59. Veit ikkje om det.

60. Sendingane vart ikkje sende i førevegen.

61 Det var ikkje skildnad på maten etter som den døde var gift eller ugift.

småkaker

62. No får dei oftast berre middag og kaffi etter ei ein er kome fra grava - eller og berre kaffi og smørbrød.

63. Det vart slutt med alkoholbruket etter ein hadde slutta med heimebrygg i gravøl.

64. Det vart tidlegast slutt med heimebrygg til grav-

feſſ, ~~xxxxxxxxxx~~ tidlegare enn ved andre gjestebod.

65. Sjå framanfer.

66. Ein nyter ikkje alkohol i gravøl lenger.

67. Er ikkje hotell i grenda her.

78. Dei bed enno følket som hører grefta til munnleg.

69. Etter første verdskrigem tok ein til å avertere døds-  
fall i avisa, men berre få. Endå er det ~~xixxxxx~~ her i  
bygda som gjer det.

---

#### F. Nye fester.

70. Det er romegraut som er vorte fast matrett 17. mai.

71. Dei feira morsdagen jamt over her i bygdan. Dei tok  
til å feira denne dagen omkring 1930.

72. Her er ingen som feirar farsdagen enno.

73. Det er ei blautkake som er den faste ret på morsdagen.

74. Dei lagar kakene for det meste i eigen bakar emn.

75. Desse dagane vart kjende hhér gjennom blada.

---